



SAKSHANDSAMAR  
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.  
18/01417-2

ARK. P - Plansaker  
270 Øygarden kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
05.06.2018

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Ambjørg Reinsnos

Framlegg til reguleringsplan for Rong senterområde, gnr. 38, bnr. 500 m.fl., Øygarden kommune, Hordaland

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

**Konflikt med id 95514 og 172015: lokalitet med busetnad/aktivitetsspor frå steinalder og eldre jernalder og ein transgredert buplass frå eldre steinalder**

Vi viser til brevet dykkar datert 24. april 2018, der Riksantikvaren blir bede om å uttale seg om forslag til reguleringsplan for Rong senterområde i Øygarden kommune. Vi viser også til brev av 30 mai 2018 frå Universitetsmuseet i Bergen, vedlagt framlegg til budsjett og prosjektplan for gjennomføring av arkeologisk gransking (utgraving og etterarbeid).

Innanfor reguleringsområdet er det registrert ein lokalitet med busetnad/aktivitetsspor frå steinalder og eldre jernalder, som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd.

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd, skal det ved handsaming av reguleringsplanar takast stilling til om ein kan gje løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir råka av planen. Riksantikvaren er rette styresmakt til å fatte avgjersle i slike saker, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 1 nr. 1.

### **Skildring av kulturminna**

Hordaland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar av planområdet i 2000 og 2013.

I 2000 vart id 95514 påvist i samband med registrering for ein gang- og sykkelveg langs deler av fv. 226 på Rong. Id 95514 vart vurdert å vere ein automatisk freda busetnadslokalitet frå steinalder. Lokaliteten har sidan 2000 vert utsett for skader slik at det ikkje lenger er noko igjen av lokaliteten sør for fylkesvegen. I 2013 vart det gjennomført nye arkeologiske registreringar i samband med områderegulering for Rong senterområde. Lokaliteten har etter registreringane fått ein utstrekning på om lag 850 m<sup>2</sup>, men fylkeskommunen meiner at det fortsett vidare utover dette arealet, både mot nord og aust. Det er uklart om lokaliteten har hatt ein større utstrekning mot vest der det no ligg asfaltert veg/parkering og bustad. Det er gjort funn av 321 steinartefakter innanfor id 95514, omfattande flint, kleber, kvartsitt, mylonitt og bergkrystall. Reiskap som er funne omfattar fiskesøkke av kleber, borspiss på flekke, skrapar, bipolare kjerner, ei konisk kjerne, mikroflekker og ein mogleg tangespiss. Ved registreringa i 2013 vart

det også påvist ein mogleg kokegrop som er datert til overgangen romartid – folkevandringstid. Funnsamansettinga på id 95514 speglar to fasar for busetnad/aktivitet på lokaliteten, ein i seinmesolitikum og ein i eldre jernalder.

I 2013 vart det også gjort funn av fem steinartefakter i myr, id 172015, nord for id 95514. Fylkeskommunen omtalar lokaliteten som ein funnstad/transgredert buplass frå eldre steinalder, definert etter funn i fire av 20 manuelle prøvestikk, tatt i botn av maskinelt opna sjakter. Det vart påvist funn over eit areal på om lag 190 m<sup>2</sup>, men fylkeskommunen vurderer det som sannsynleg at det funnførande området er større. Fire av funna ligg nærme kvarandre medan det femte ligg om lag 25 meter sør for desse. Artefaktfunna er avslag av flint som, sjølv om dei i nokre tilfelle er vassrulla, utan tvil er slått. Funna låg i sand og grus like i underkant av myrvæsettinga. Fylkeskommunen meiner at funna ikkje representerer ein automatisk freda lokalitet, men er ein funnstad utan fredingsstatus.

Øygarden kommune er rik på kulturminne, og utgjer saman med Sotra i sør eit særskilt viktig område for funn av kulturminne frå steinalder.

### **Meir om planforslaget**

Hovudføremålet med planen er fortetting og vidareutvikling av kommunesenteret på Rong. Området skal få tydelegare tettstadspreg med miljøgate og eit tettare utbygd sentrum.

Planen er i konflikt med det automatisk freda kulturminne id 95514. Kulturminnet ligg i eit område som vil bli råka av vegutbygging og -opprusting.

Planen er også i konflikt med id 172015. Lokaliteten er påvist innanfor eit område som er avsett til mellombels rigg- og anleggsområde. Bygginga av veg o\_SKV2 vil truleg også råke ein avgrensa del av lokaliteten.

### **Merknader frå Hordaland fylkeskommune**

Hordaland fylkeskommune legg vekt på at id 95514 er skada som følgje av moderne tiltak og difor i dag berre har en låg formidlings- og opplevingsverdi. Fylkeskommunen meiner at det beste er å sikre den vitskapelege kunnskapsverdien til kulturminnet gjennom ein arkeologisk granskning og rår til at til at Riksantikvaren gjev løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet Askeladden id 95514 med vilkår om arkeologisk utgraving.

### **Merknader frå Universitetsmuseet i Bergen**

Universitetsmuseet i Bergen er samd med fylkeskommunen i deira vurdering av dispensasjonsspørsmålet når det gjeld id 95514.

Universitetsmuseet i Bergen er ikkje samd med fylkeskommunen i deira tolking av kva funna innanfor id 172015 representerer. Museet meiner at funna representerer ein transgredert buplass frå eldre steinalder. Tapestrangresjonen har medført omfattande skadar på dei fleste lokalitetane frå sein tidleg- og mellomesolittisk tid på Vestlandet. I tillegg har mange slike lokalitetar truleg blitt oversedde fordi dei ligg under tjukke myrlag/strandvoller. Dette har skapt eit kunnskapshol som museet ønskjer å fylle ut. Museet peiker på at talet på artefaktfunna – fem stk. – som er gjort på id 172015 ikkje i seg sjølve avgjer om lokaliteten er automatisk freda eller ikkje. Museet har grave ut ein annan buplass, id 175684 på Bømlo, basert på tilsvarande funn. Utgravinga ga viktige resultat og ein datering til tidlegmesolittisk tid, ein av berre tre radiologiske dateringar til denne perioden innanfor museet sitt distrikt. Museet meiner at lokaliteten id 172015 skal bli definert som ein automatisk freda lokalitet i Askeladden og at den kan bli dispensert for gjennom planvedtak på vilkår av ein arkeologisk undersøking.

Universitetsmuseet rår til at Riksantikvaren godkjenn framlegget til reguleringsplan på vilkår av ein arkeologisk gransking av id 95514 og id 172015, og at tiltakshavar dekkjer kostnadane til dette.

Universitetsmuseet i Bergen har hatt dialog med Hordaland fylkeskommune om statusen til id 172015. Hordaland fylkeskommune har vurdert argumenta til museet men valt å halde fast på sin vurdering frå 2013.

### **Riksantikvarens merknader og vurdering av saka**

Riksantikvaren skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar, og arbeide for at kulturminneverdiane best mogleg blir tekne hand om og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan bli gjeve etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vege opp mot private omsyn, og omsyn til samfunnet. I denne saka finn vi at dei råka kulturminne innanfor planen ikkje er av slike typar eller i eit slikt omfang at vi vil insitere på fortsett vern av desse framfor ein godkjenning av planen. Den samfunnsmessige verdien av å realisere planen er slik vi vurderer det større enn verneverdien til kulturminna.

Riksantikvaren har vurdert usemja mellom museet og fylkeskommunen når det gjeld vurderinga av status til id 172015. Vi har konkludert med at funna på id 172015 representerer ein transgredert buplass, sjølv om talet på steinartefakter er lågt, og at det er mest korrekt å handtere denne som eit automatisk freda kulturminne. Museet sine erfaringar frå utgraving av ein annan buplass, basert på liknande funn, tilseier at den vitskapelege verdien til id 172015 må vurderast å vere vesentleg. Vi har difor endra status til kulturminnet i Askeladden, frå Ikkje freda funnstad til Automatisk freda. Dette betyr at ein godkjenning av planframlegget også avheng av at det vert gjeve dispensasjon for id 172015. Id 172015 ligg, slik den er avgrensa av fylkeskommunen, innanfor eit mellombels rigg- og anleggsområde, og svært nærmre område for bygging av veg, o\_SKV2. Lokaliteten kan ikkje bli verna innanfor planen og den har ein stor vitskapeleg verdi. Det er difor naudsint å gjennomføre ein avgrensa arkeologisk gransking av kulturminnet innan planlagde tiltak i planen vert sett i verk.

Riksantikvaren gjev samtykke til at reguleringsplanen for Rong senterområde kan godkjennast under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, id 95514 og 172015, før tiltak, i konflikt med desse, i tråd med reguleringsplanen vert realisert, jf. vedlagd kart datert 5. juni 2017. I samsvar med kulturminnelova § 10, skal den arkeologiske granskinga bli dekt av tiltakshavar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, med endelege kostnader og avgrensing av utgravingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksame på at arkeologiske utgravingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før han ynskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følge framlegget til budsjett frå Universitetsmuseet i Bergen, er ei utgraving av gjeldande kulturminne, busetnad/aktivitetsområde frå eldre steinalder og jernalder, id 95514 og id 172015 rekna å koste inntil kr. 2 112 000,-sum (2018-kroner og satsar). Vi gjer merksam på at

kostnadane til gransking av id 172015 utgjer om lag kr 480 000,- av det samla føreslegne budsjettet. Riksantikvaren vil sjå nærmere på framlegget til budsjett og arbeidsomfang før vedtak etter kulturminnelova § 10 blir fatta.

Kulturminnet id 172015 skal merkast i plankartet som område for føresegn med signaturen RpBg (grense for føresegn i reguleringsplan) og få nr. #15. Id 95514 er allereie merka slik i plankartet, med nr #14.

Følgjande tekst skal inn i fellesføresegnsene i reguleringsplanen:

«Før realisering av føremål o\_SAA eller o\_SKV2 med tilhøyrande annan veggrunn skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet Askeladden id 95514, som er merka som område for føresegn #14. Utgravinga skal gjerast før det første av dei to føremåla skal realiserast.

Før realisering av o\_SKV2 med tilhøyrande annan veggrunn skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet Askeladden id 172015, som er merka som område for føresegn #15.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett."

Den arkeologiske granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket byggjer på at teksten ovanfor vert teken inn i føresegnsene til reguleringsplanen. Riksantikvaren ber Hordaland fylkeskommune klargjere dette i si fråsegn til Øygarden kommune. Vi ber også om at Riksantikvaren si fråsegn i saka blir lagt ved den endelige fråsegna frå fylkeskommunen til kommunen.

Dersom kommunen gir melding om at teksten ovanfor *ikkje* vil bli teken inn i føresegnsene til reguleringsplanen, og fylkeskommunen likevel *ikkje* vil fremje motsegn til planen, må de utan opphør varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)  
seksjonssjef

Jannie Schnedler Johansen

**Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg: Kart datert 5. juni 2018.

Kopi til: Universitetsmuseet i Bergen - Fornminneseksjonen, Postboks 7800, 5020 BERGEN





## Oversiktsplan: Reguleringsplan for Rong senterområde

Riksantikvarens saksnr.:	18/01417
Gårdsnavn	Rong
Gårds- og bruksnummer	38/500 m. fl
Kommune	Øygarden
Fylke	Hordaland
Id.nr i Askeladden	95514 og 172015
Kulturminnetype	Busetnad/aktivitet

Oslo, 5. juni 2018

